
NOTAT 2011-12

Vurdering av økonomi på
utbyggingsbruk i mjølkeproduksjon i
Møre og Romsdal og
Sogn og Fjordane
2009

LARS RAGNAR
SOLBERG

TORBJØRN
HAUKÅS



NILF

Norsk institutt for
landbruksøkonomisk forskning

NILF gjev ut ei rekkje publikasjonar

Kjem ut årleg:

«Driftsgranskningar i jord- og skogbruk»

«Handbok for driftsplanlegging»

«Utsyn over norsk landbruk. Tilstand og utviklingstrekk»

«Mat og industri. Status og utvikling i norsk matindustri».

Resultat frå forskning og utgreingar vert gjevne ut i tre seriar:

«NILF-rapport» – ein serie for publisering av forskingsrapporter og resultat frå større utgreingar

«Notat» – ein serie for publisering av arbeidsnotat, delrapportar, føredrag m.m. og sluttrapportar frå mindre prosjekt

«Discussion paper» – ein serie for publisering av førebelse resultat (berre internettpublisering).

NILF gjev også ut:

«Kontoplan for landbruksregnskap tilpasset NS 4102»

Regionale dekningsbidragskalkylar.

NILF er sekretariat for Budsjettnemnda for jordbruket som årleg gjev ut:

«Totalkalkylen for jordbruket» (Jordbrukets totalregnskap og budsjett)

«Referansebruksberegningar»

«Resultatkontroll for gjennomføringen av landbrukspolitikken»

«Volum- og prisindeksar for jordbruket» som ligg på:

<http://www.nilf.no/PolitikkOkonomi/Nn/VolumPrisIndeksar.shtml>

NOTAT 2011–12

Vurdering av økonomi på
utbyggingsbruk i mjølkeproduksjon i
Møre og Romsdal og
Sogn og Fjordane
2009

Lars Ragnar Solberg

Torbjørn Haukås



NILF

Norsk institutt for
landbruksøkonomisk forskning

Serie	Notat
Redaktør	Agnar Hegrenes
Tittel	Vurdering av økonomi på utbyggingsbruk i mjølkeproduksjon i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane 2009
Forfatter	Lars Ragnar Solberg, Torbjørn Haukås
Prosjekt	Økonomisk utvikling på mjølkeproduksjonsbruk med store investeringer - videreføring (D860)
Utgiver	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
Utgiversted	Oslo
Utgivelsesår	2011
Antall sider	48
ISBN	978-82-7077-801-0
ISSN	0805-9691
Emneord	Utbyggingsbruk, mjølkeproduksjon, lønsemd, økonomi og rekneskapsanalyse

Litt om NILF

- Forsking og utgreiing om landbrukspolitik, matvaresektor og -marknad, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innan landbruket; dette omfattar m.a. sekretariatsarbeidet for Budsjett-nemnda for jordbruket og dei årlege driftsgranskningane i jord- og skogbruk.
- Utviklar hjelpemiddel for driftsplanlegging og rekneskapsføring.
- Er finansiert av Landbruks- og matdepartementet, Noregs forskingsråd og gjennom oppdrag for offentleg og privat sektor.
- Hovudkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Forord

Vurdering av økonomi på utbyggingsbruk i mjølkeproduksjon i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane 2008 var eit prosjekt som kom i gang etter eit initiativ frå Landbruksavdelingane i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Innovasjon Noreg og TINE var også samarbeidspartnarar i prosjektet.

Prosjektet omhandla eit mykje omtalt tema, og mange partar var interessert i tematikken. Spørsmålet om å utvide prosjektet til å gjelde fleire rekneskapsår dukka raskt opp. Oppdragsgjevar ønska å utvide rekneskapsanalysen med eit år, slik at en fekk eit breiare grunnlag for å vurdere lønsemda og økonomien på utbyggingsbruk i dei to fylka. Dette notatet presenterer derfor rekneskapstal for både 2008 og 2009, men det inneheld ikkje ei ny spørjeundersøking eller ein ny gjennomgang av driftsplaner og investeringsbudsjett. Ein kan sjå nærmare på desse sistnemnde elementa i notatet frå det første prosjektet.¹

Til saman har det vore 18 driftseiningar som har vore med i begge prosjektåra. Nok ein gang vert det retta stor takk til utbyggjarane som har stilt rekneskap og anna informasjon til disposisjon. Vi takkar også samarbeidspartnarane for eit svært godt samarbeid gjennom begge prosjektåra.

Torbjørn Haukås har vore prosjektleiar, medan Lars Ragnar Solberg har skrevet notatet og utarbeidd analysane. I tillegg har Liv Grete Frislid jobba med bearbeiding av data. Heidi Knutsen og Agnar Hegrenes har lese gjennom utkast til notat og kome med nyttige innspel. Anne Bente Ellevold har ferdigstilt notatet for publisering.

Oslo, juni 2011
Ivar Pettersen

¹ Haukås og Solberg (2010)

Innhold

SAMANDRAG	1
1 INNLEIING.....	3
2 MATERIALE OG METODE.....	5
2.1 Utval.....	5
2.2 Rekneskap	5
2.3 Metode og definisjonar.....	5
2.4 Inndeling av respondentane i grupper	7
3 REKNESKAPSANALYSE.....	9
3.1 Ressursar, produksjon og økonomi	9
3.1.1 Ressursar	9
3.1.2 Produksjon	11
3.1.3 Produksjonsinntekter og tilskot.....	15
3.1.4 Variable kostnader	19
3.1.5 Faste kostnader.....	22
3.1.6 Resultatmål	25
3.1.7 Inntektsverknad av jordbruksfrådrag	32
3.1.8 Balanse.....	34
3.1.9 Arbeidsforbruk.....	36
3.1.10 Likviditets- og soliditetsanalyse	38
3.1.11 Variasjon.....	40
4 OPPSUMMERING OG KONKLUSJON	43
4.1 Skilnader mellom 2008 og 2009	43
4.2 Konklusjon	45
4.3 Punktvis oppsummering.....	45
4.3.1 2008.....	45
4.3.2 Utviklinga frå 2008 til 2009.....	46
REFERANSER.....	47

Samandrag

Undersøkinga er ei vidareføring av prosjektet *Vurdering av økonomi på utbyggingsbruk i mjølkeproduksjon i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane 2008*.² Den utvida undersøkinga tar for seg rekneskapsåret 2009, og samanliknar 2009-tala med tala frå 2008. Analysen omfattar ei prosjektgruppe med 18 bruk som hadde stor utbygging i 2002-2007 og ei referansegruppe som er dei 57 mjølkebruka som var med i driftsgranskingane frå dei to fylka i 2008 og 2009. Rekneskapsen for prosjektgruppa er gjort opp etter same prinsipp som i driftsgranskingane.³

Prosjektbruka viste varierende økonomiske resultat i 2008. Lønsevna per time var låg i 2008 – berre kr 68 per time – for prosjektbruka. Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk i 2008 var kr 204 700. 2008 var eit vanskeleg år for prosjektbruka. Rentenivået var relativt høgt. Bruka opplevde også ein ny kvardag med større produksjon og nye rutinar. Begge desse elementa var med å dra ned dei økonomiske resultatane i 2008 for prosjektbruka. Referansegruppa hadde høgare driftsoverskot i jordbruket og lønsevne per time i 2008 enn prosjektbruka – referansegruppa hadde bl.a. kr 76 per time i lønsevne i 2008.

2009 blei eit betre år for prosjektbruka. Rentenivået fall mykje frå slutten av 2008, og var lågt i heile 2009. Lønsevna per time auka frå kr 68 til kr 130 per time for prosjektbruka, medan vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk auka frå kr 204 700 til kr 269 800. Viss ein justerer 2009-tala for det låge rentenivået, kjem fortsatt prosjektbruka ut med ein god utvikling i lønsevne per time. Ein kan f. eks. tenke seg at rentenivået vart uendra frå 2008 til 2009, då ville prosjektbruka hatt ei kalkulert lønsevne per time på kr 68 i 2008 og kr 88 i 2009. Dette er ein prosentvis auke på 29,4 prosent. Referansegruppa ville hatt ei kalkulert lønsevne per time på kr 76 i 2008 og kr 81 i 2009. Dette ville vore ein auke på berre 6,6 prosent. Ein ser dermed at prosjektbruka har hatt ei betre utvikling i lønsemda frå 2008 til 2009 sjølv om ein ser bort frå fall i rentenivået. Eit anna eksempel kunne vore og sjå på utviklinga i eit resultatmål som ikkje inkluderer renteutgifter, for eksempel driftsoverskotet i jordbruket per årsku. Her var auken hhv. 4 prosent og 15 prosent for referansegruppa og prosjektbruka. Dette tyder på at prosjektbruka hadde ei meir effektiv drift og produksjon i 2009 enn i 2008, og at prosjektbruka startar å dra nytte av den store investeringa i mjølkeproduksjonen.

² Haukås og Solberg (2010)
NILF (2010)

1 Innleiing

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning har på oppdrag frå Innovasjon Norge i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane utført ei utvida undersøking av økonomien blant mjølkeprodusentar som har hatt stor utbygging av produksjon i dei to fylka i perioden 2002–2007. Undersøkinga er ei vidareføring av prosjektet *Vurdering av økonomi på utbyggingsbruk i mjølkeproduksjon i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane 2008*.³ Den utvida undersøkinga tar for seg rekneskapsåret 2009, og samanliknar 2009-tala med tala frå 2008.

Rentenivået er eit rammevilkår som spelar ei viktig rolle i den økonomiske utviklinga til utbyggingsbruka, men også andre vilkår som prisar på viktige innsatsfaktorar og politiske rammevilkår spelar inn. Rentenivået var høgt i 2008, men etter den internasjonale finanskrisa ramma økonomiar over heile verda hausten 2008, fall rentenivået. I 2009 var rentenivået lågt samanlikna både med 2008 og historiske rentenivå. Fordi rentenivået var så ulikt i det to åra, får ein eit betre grunnlag for å vurdere økonomien på utbyggingsbruka ved å inkludere begge rekneskapsåra.

Storleiken på investeringar i ny driftsbygning i mjølkeproduksjonen har auka dramatisk dei siste åra. Grunnen er både auke i byggjekostnader, men mest på grunn av storleik på bygget. Krav til ferie og fritid gjer at mange satsar på mjølkerobot, og då må produksjonsomfanget aukast monaleg. Utbyggingane i mjølkeproduksjonen har på få år auka i ramme frå 2–3 mill. til 10–12 mill. kroner. Produsenten treng meir areal og mjølkekvote, og dette kan ordnast ved å gå saman med nabo(ar) i samdrift eller leige eller kjøpe tilleggsareal og kvote.

Det er ofte spørsmål om lønsemda i mjølkeproduksjonen er god nok til at det løner seg å byggje ut i ein slik storleik, og om grunnlaget for å ta slike store avgjerder er tilfredsstillande. Ein har til no hatt avgrensa datagrunnlag for å gjere slike vurderingar, og det var eit ønskje om at ein skulle få ei vurdering av lønsemda på store utbyggingar i mjølkeproduksjonen. Ein har fått eit betre grunnlag for å gjere vurderingar av lønsemda hos utbyggingsbruk ved å inkludere eit ekstra rekneskapsår i dette prosjektet.

Prosjektet med 2008-tala viste at resultatata på utbyggingsbruka i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane var på nivå med andre mjølkebruk på Vestlandet. NILF har også gjort ein del andre undersøkingar om store mjølkebruk som har vist blanda økonomiske resultat.⁴ I dette prosjektet er fokuset på bruk med nye utbyggingar og utviklinga i økonomien i dei første åra etter utbygginga.

³ Haukås og Solberg (2010)

⁴ Krokann (2010), Solberg (2010), Robbestad (1994) og Nergaard (1988)

2 Materiale og metode

2.1 Utval

Utvalet har ikkje endra seg mykje frå det første prosjektet. Skilnaden er at utvalet inneheld ein produsent mindre, slik at tal produsentar blir 18 (7 i Sogn og Fjordane og 11 i Møre og Romsdal). Utvalet vart i utgangspunktet gjort av Innovasjon Noreg i samarbeid med landbruksavdelingane hos Fylkesmannen i dei to fylka. Utvalet er ikkje nødvendigvis representativt, sjølv om representantane frå Fylkesmannen og Innovasjon Noreg meiner utvalet gjer eit godt bilete av situasjonen i dei to fylka.

I alt er det undersøkt 12 samdrifter og 6 enkeltbruk. Blant produsentane i utvalet er det fem fjøs med robotmjølking.

2.2 Rekneskap

Skatterekneskap for 2008 og 2009 ligg til grunn for undersøkinga. Det er samla inn skatterekneskap for alle enkeltbruka. I tillegg er det samla inn rekneskap frå selskapa og for dei aktive partnerane i samdriftene. Skatterekneskapa er omarbeida til driftsrekneskap i tråd med retningslinjene for driftsgranskingar i jord- og skogbruk.⁵

For å kunne samanlikne resultat i samdrifter med enkeltprodusentar er det nytta resultat frå selskapet i tillegg til rekneskapen til dei aktive partnerane i samdrifta. Interne posteringar mellom partnerane er fjerna slik at det er det økonomiske resultatet for «konsernet» (selskapet i tillegg til deltakarane i samdrifta) som ligg til grunn. Dette er gjort av fleire ulike grunnar. Resultatet for samdrifta vert dermed samanliknbart med enkeltbruka og med driftsgranskingane i jord- og skogbruk. I tillegg unngår vi at resultatet i samdrifta er påverka av ulik prising på innsett kapital frå partnerane (leige av bygningar, kvote, areal og dyr) eller at grovfôret er ulikt prisa frå partnaren inn mot selskapet. Utbetalt arbeidsvederlag frå samdrifta til deltakarane er fjerna, slik at driftsoverskotet frå konsernet skal dekke kapitalgodtgjering og alt innsett arbeid, både i selskapet og hos dei aktive deltakarane i selskapet. Alle tilskot som har samband med mjølkeproduksjonen, inngår også dermed i driftsresultatet. Ulempa med ein slik metode er at sideproduksjonar hos ein eller fleire av deltakarane i selskapet kjem med i det samla konsernresultatet. I vårt tilfelle er innslaget av andre produksjonar så lite at vi har valt å sjå bort frå det.

2.3 Metode og definisjonar

Dei 18 bruka som har delteke i prosjektet, har levert inn skatterekneskap for enkeltbruket eller samdrifta og for dei aktive deltakarane i samdriftene. Dei passive deltakarane i samdriftene har ein behandla som eksterne aktørar. Tala som vert presenterte, er gjennomsnitta av alle produsentane eller gjennomsnitta til ulike underkategoriar av produsentane. Ein har også valt å ta med gjennomsnitta av alle bruka i frå Vestlandet som er med i Driftsgranskingane, og som har mjølk spesialisert som driftsform. Desse bruka kan brukast som ei referansegruppe for prosjektdeltakarane.

⁵ NILF (2010)

Vi har valt å bruke årsskyr som ein fellesnemnar i rekneskapstala i dei tilfella det gjer meining. Det blir dermed enklare å analysere tala frå dei ulike kategoriane. Eitt eksempel kan vere nyttig: Kraftfôrkostnader per årsku presenterer dei totale kraftfôrkostnadene for bruket delt på tal årsskyr. Dei totale kraftfôrkostnadene varierer med kr 400 000 mellom kategoriane referansegruppa og prosjektbruka i 2009, og ein figur med desse tala ville bli lite informativ og uleselig. Ein har derfor valt tal årsskyr slik at ein kan analysere dei justerte tala med same fellesnemnar, for eksempel kraftfôrkostnader per årsku.

Alle skatterekneskapane er omarbeidde til driftsrekneskapar. Eit driftsrekneskap er anleis enn eit skatterekneskap. Dei viktigaste skilnadene er avskrivingsmetode, verdsetjing av balanse og ein del resultatmål. I eit skatterekneskap nyttar ein saldoavskrivingar, medan i driftsrekneskapen her er nytta lineære avskrivingar. Under viser ein den generelle oppbygginga av driftsrekneskapen.

Husdyrprodukt, jordbruk
 + Planteprodukt, jordbruk
 + Andre inntekter inkludert tilskot
 = **Produksjonsinntekter, jordbruk**
 - Variable kostnader, jordbruk
 = **Dekningsbidrag inkludert tilskot, jordbruk**
 - Faste kostnader
 = **Resultat før avskrivingar, jordbruk**
 - Avskrivingar
 = **Driftsoverskot, jordbruk**

Driftsoverskot, jordbruk
 + Driftsoverskot, pelsdyr
 + Driftsoverskot, skogbruk
 + Driftsoverskot, anna næring
 + Driftsoverskot, tilleggsnæring
 + Løsinntekter
 + Pensjonar og sjukepengar
 + Årlege erstatningar
 + Renteinntekter
 - Renteutgifter
 - Kår
 = **Nettoinntekt**

Driftsoverskot, jordbruk
 - Kalkulert rente av egedelar i jordbruket
 = **Familiens arbeidsforteneste i jordbruket**
 + Kostnader til leigd arbeid
 = **Lønsevne**

Driftsoverskot, jordbruk
 + Kostnader til leigd arbeid
 - Jordbrukets del av gjeldsrenter og kår
 = **Vederlag til arbeid og eigenkapital**

2.4 Inndeling av respondentane i grupper

Alle dei 18 produsentane som er omfatta av denne undersøkinga, har føreteke ei relativt stor utbygging av mjølkeproduksjon i åra 2002 til 2007. Produksjonen av mjølk i 2008 varierte frå 106 tonn til 465 tonn mjølk med eit snitt på 300 tonn omsett mjølk, medan i 2009 varierte produksjonen frå 99 tonn til 534 tonn mjølk med eit snitt på 305 tonn. Vi har valt å dele inn bruka etter fylke (Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal), etter organisering (enkeltbruk eller samdrift) eller mjølkesystem (robotfjøs eller mjølkestall). I tillegg har vi valt å samanlikne resultatata med gjennomsnittsmjølkebruket på Vestlandet i driftsgranskingane for jord- og skogbruket for Vestlandet (Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal for 2008 og 2009). Denne gruppa har vi kalla referansegruppa. Vi har også delt inn produsentane i høg- og låggruppe etter resultatmålet vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk. Høggruppa er dei seks produsentane med best resultat i 2008 og 2009, medan låggruppa er dei seks produsentane med svakast resultat i 2008 og 2009 blant dei undersøkte i prosjektet.

Tabell 2.1 Fordeling av dei 18 mjølkeprodusentane i grupper

	Prosjekt- bruk	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Sam- drifter	Enkelt- bruk	Robot- fjøs	Bruk utan robot
Prosjektbruk	18	7	11	12	6	5	13
Sogn og Fjordane	7	7	0	6	1	4	3
Møre og Romsdal	11	0	11	6	5	1	10
Samdrifter	12	6	6	12	0	5	7
Enkeltbruk	6	1	5	0	6	0	6
Robotfjøs	5	4	1	5	0	5	0
Bruk utan robot	13	3	10	7	6	0	13
Høggruppe	6	4	2	5	1	1	5
Låggruppe	6	2	4	4	2	3	3


3 Rekneskapsanalyse

3.1 Ressursar, produksjon og økonomi

3.1.1 Ressursar


Figur 3.1 viser jordbruksarealet i 2008 og 2009. Prosjektbruka har auka jordbruksarealet med 9 dekar frå 2008 til 2009, og har over dobbelt så stort jordbruksareal som referansegruppa i 2009. Bruka i Møre og Romsdal har større jordbruksareal enn bruka i Sogn og Fjordane, og samdriftene har større areal enn enkeltbruka. Robotfjøsa har også større areal enn bruka utan robot, og robotfjøsa har også det største jordbruksarealet av alle undergruppene. Jordbruksarealet spelar ei viktig rolle for grovfôrgrunlaget og kor store kraftfôrkostnader eit bruk har, og det spelar også inn i kva for ein grad ein har av kjøttproduksjon på bruket.

Figurane under inneheld også grovfôrarealet for 2008 og 2009. Grovfôrarealet har endra seg i takt med det totale jordbruksarealet frå 2008 til 2009. Dei undergruppene som har mest jordbruksareal, har også mest grovfôrareal i både 2008 og 2009. I og med at det er nytta paneldata både for prosjektbruka og referansegruppa, er det relativt liten skilnad i jordbruksareal mellom dei to åra.



Figur 3.1. Jordbruks- og grovfôrareal i 2008 og 2009, dekar


Avlingsnivået per dekar er meir eller mindre uendra frå 2008 og 2009. Det kan ein sjå ut av tabell 3.2. Samdriftene har auka avlingane per dekar med 17 FEM, medan enkeltbruka har redusert avlingane per dekar med 38 FEM. Samdriftene hadde dei beste avlingane per dekar i 2009 med 463 FEM.



Figur 3.2 Avlingar per dekar i 2008 og 2009, FEm



3.1.2 Produksjon

Prosjektbruka hadde 46,3 årskyr i 2009, medan referansegruppa hadde 20,1 årskyr i 2009. Prosjektbruka har auka tal årskyr med 1,6 frå 2008 til 2009. Dette kjem fram i figur 3.3. Referansegruppa har 1 årsku meir i 2008 enn i 2009. Enkeltbruka auka mest frå 2008 til 2009 med 4,5 årskyr, medan robotfjøsa hadde flest årskyr i 2009 med 62,1 årskyr. Alle undergruppene auka tal årskyr frå 2008 til 2009, og dette bidrog til å auke mjølkeinntektene i 2009.





Figur 3.3 Tal årskyr i 2008 og 2009

Både referansegruppa og alle undergruppene til prosjektbruka auka mjølkeytinga frå 2008 til 2009. Robotfjøsa auka mest frå 2008 til 2009 med 487 liter eller 6,2 prosent per årsku. Robotfjøsa hadde også den høgaste ytinga i 2009 med 8 350 liter. Robotfjøsa oppnådde ein mjølkepris på 4,05 kr/liter i 2009. Dette betyr at den auka ytinga medførte kr 1 972 i ekstra mjølkeinntekter per årsku i 2009 for denne gruppa.



Figur 3.4 Kilo mjølk per årsku i 2008 og 2009

Omsett mjølk og mjølkekvote vert vist i figur 3.5. Alle undergruppene til prosjektbruka auka mjølkekquota frå 2008 til 2009. Enkeltbruka auka mjølkekquota mest med 33 000 liter eller 16 prosent frå 2008 til 2009. Robotfjøsa hadde den største kvota i 2009 med 459 000 liter. Figuren viser også at kvotefyllinga for prosjektbruka har auka monaleg frå 2008 til 2009. Dette gjeld særleg robotbruka.




Figur 3.5 Omsett mjølk og mjølkekvote i 2008 og 2009, liter

Det er ofte vanskeleg å samanlikne grupper av ulik storleik. Det vil derfor bli nytta ein fellesnemnar, nemleg årskyr, for lettare å kunne samanlikne dei ulike gruppene. I figurane nedanfor vil det bli presentert totale tal dividert på tal årskyr der det er hensiktsmessig.

Figur 3.6 visar omsett storfekjøtt per årsku. Det har vore ein kraftig auke i kjøttproduksjonen på prosjektbruka frå 2008 til 2009, og alle undergruppene har medverka til denne auken. Referansegruppa har ein liten nedgang. Det er bruka utan robot som har flest kilo omsett storfekjøtt per årsku i 2009. Robotfjøsane er dei mest spesialiserte mjølkeprodusentane.



I og med at areal og avlingsnivå viser små endringar mellom åra på prosjektbruka, tyder det på kraftfôrbasert produksjonsauke på mjølk og kjøtt. Dette kjem vi tilbake til når vi ser på kostnadsutviklinga.



Figur 3.6 Omsett storfekjøtt per årsku i 2008 og 2009, tal kilo



3.1.3 Produksjonsinntekter og tilskot

Ein viktig del av produksjonsinntektene er slakteinntektene. Referansegruppa har også her ein liten nedgang i slakteinntektene per årsku, medan prosjektbruka har ein auke på om lag 6 prosent frå 2008 til 2009.




Figur 3.7 Slakteinntekter per årsku i 2008 og 2009

Mjølkeinntektene er den viktigaste inntektskjelda for bruka. I figur 3.8 ser ein mjølkeinntektene per årsku. Mjølkeinntektene per årsku er nesten dobbelt så høge som slakteinntektene per årsku for dei ulike gruppene. Mjølkeinntekter per årsku har auka med 5 prosent for referansegruppa medan prosjektbruka har auka med 8 prosent. Robotfjøsa har det høgaste nivået med kr 31 000 i mjølkeinntekter per årsku.




Figur 3.8 Mjølkeinntekter per årsku i 2008 og 2009

Tilskot er ei anna viktig inntektskjelde for bruka. Her er alle tilskota, både produksjonsavhengige og produksjonsuavhengige, inkludert og dividert på tal årskyr. Referansebruka får mest i tilskot per årsku med vel kr 19 200. Prosjektbruka derimot fekk kr 16 200 per årsku. Begge gruppene fekk 3 prosent meir i tilskot per årsku i 2009 enn i 2008. Begge gruppene opplevde auke på grunn av volumauke i slakt og mjølk. Robotfjøsa fekk derimot mindre i tilskot per årsku i 2009 enn i 2008, sjølv om tal årskyr berre gjekk opp med 0,4 kyr frå 2008 til 2009. Robotfjøsa fekk også mindre i totale tilskot i 2009 enn i 2008. Mindre tilskot til refusjon av avløysarutgifter ser ut til å vere årsaka. Alle andre grupper fekk auka totale tilskot i 2009. Enkeltbruka fekk også mindre tilskot per årsku i 2009 enn i 2008, men dei hadde også ein stor auke i tal årskyr med ein auke på 4,5 kyr.



Figur 3.9 Tilskot per årsku i 2008 og 2009

Figur 3.10 viser dei totale produksjonsinntektene (slakt, mjølk, tilskot, m.m.) per årsku. Referansegruppa auka produksjonsinntektene per årsku med 3 prosent eller kr 1 600 frå 2008 til 2009. Prosjektbruka auka produksjonsinntektene med 7 prosent eller kr 4 200 per årsku. Prosjektbruka auka både mjølkeinntektene og slakteinntektene per årsku frå 2008 til 2009, medan referansegruppa auka berre mjølkeinntektene. Alle undergruppene til prosjektbruka auka produksjonsinntektene per årsku frå 2008 til 2009, men den største auken finn ein i Sogn og Fjordane, enkeltbruka og robotfjøsa.





Figur 3.10 Produksjonsinntekter (inkl. tilskot) per årsku i 2008 og 2009

3.1.4 Variable kostnader


Variable kostnader er kostnader som endrar seg i takt med produksjonsomfanget. I figurane på neste side skal vi sjå på nokre av dei viktigaste.

Kraftfôrkostnader per årsku er den største kostnadsposten blant dei variable kostnadene. Kraftfôrkostnadene per årsku varierer mellom kr 10 000 og kr 15 000 i dei ulike gruppene. Referansegruppa har auka kraftfôrkostnadene per årsku frå kr 10 600 til kr 11 300 eller med 6 prosent. Prosjektbruka har auka frå kr 11 500 til kr 13 500 eller med 17 prosent. Dette er ein vesentleg auke for prosjektbruka. Alle undergruppene har auka kraftfôrkostnadene per årsku. Det var ein vesentleg auke i kraftfôrprisen frå 2008 til 2009, slik at det forklarar ein del av auken i kraftfôrkostnadene per årsku. Som vi har nemnt tidlegare, er mykje av produksjonsauken på prosjektbruka basert på auka kraftfôrforbruk.




Figur 3.11 Kraftfôrkostnader per årsku i 2008 og 2009

Handelsgjødselkostnaden per årsku har auka i alle gruppene i figur 3.12. Hos referansegruppa har han auka med kr 600 per årsku eller med 30 prosent. Prosjektbruka har ein auke på kr 200 per årsku eller 11 prosent. Enkeltbruka er dei einaste som ikkje har auka kostnadene til handelsgjødsel per årsku frå 2008 til 2009. Kraftig prisauke på gjødsel er den viktigaste årsaka til auka gjødselkostnader.



Figur 3.12 Handelsgjødselkostnader per årsku i 2008 og 2009

Dei totale variable kostnadene per årsku ser ein i figur 3.13. Referansegruppa auka sine variable kostnader per årsku med 8 prosent eller med kr 1 500. Prosjektbruka opplevde ein auke på 10 prosent eller kr 2 100. Auka i gjødsel- og kraftfòrkostnader utgjer ein vesentleg del av denne auken.





Figur 3.13 Variable kostnader per årsku i 2008 og 2009

3.1.5 Faste kostnader



Dei faste kostnadene er kostnader som ikkje direkte er avhengig av produksjonsomfanget. Nedanfor skal vi sjå på nokre av dei viktigaste faste kostnadene i denne analysen.

Kostnader til leigd arbeid og avløyser per årsku har endra seg ein del for fleire av gruppene. Referansegruppa brukar om lag det same i 2009 som i 2008, medan prosjektbruka har ein nedgang på kr 600 per årsku frå kr 3 000 til kr 2 400 frå 2008 til 2009. Enkeltbruka brukar mest leigd hjelp med kr 4 700 per årsku i 2009. Det er også naturleg at det er mindre trong for leigd hjelp hos samdriftene, der partnerane deler arbeidet i drifta. Robotfjøsa har som venta svært lågt behov for leigd arbeidskraft begge åra.





Figur 3.14 Kostnader til leigd arbeid og avløyssar per årsku i 2008 og 2009

Figur 3.15 viser kostnader til leige og leasing av maskiner og utstyr per årsku. Det har i den siste tida blitt meir populært å lease maskiner og utstyr. I 2008 var Møre og Romsdal den gruppa med høgast kostnader til leige og leasing av maskiner og utstyr, men i 2009 ser ein at fleire av undergruppene nærmar seg det same nivået som Møre og Romsdal. Referansegruppa har auka desse kostnadene med 7 prosent eller kr 143 per årsku, medan prosjektbruka har auka desse kostnadene med 20 prosent eller kr 734 per årsku. Den største auken er i Sogn og Fjordane med ein auke på 60 prosent eller kr 1 400 per årsku. Dette utgjer heile kr 71 000 per bruk i auka kostnader til leige og leasing av maskiner og utstyr hos bruka i Sogn og Fjordane i 2009.



Figur 3.15 Kostnader til leige og leasing av maskiner og utstyr per årsku i 08 og 09


Dei totale faste kostnadene per årsku går fram av figur 3.16. Avskrivningar er ikkje inkludert i dei totale faste kostnadene i figur 3.16. Dei faste kostnadene per årsku varierer mellom kr 13 000 og kr 19 000 hos dei ulike gruppene. Referansegruppa og prosjektbruka hadde berre mindre endringar i faste kostnader per årsku frå 2008 til 2009 med ein nedgang på 2 prosent. Det er bruka i Møre og Romsdal som har dei høgaste faste kostnadene per årsku med kr 18 500, medan bruka i Sogn og Fjordane har dei lågaste med kr 13 500 per årsku.



Figur 3.16 Faste kostnader per årsku i 2008 og 2009


3.1.6 Resultatmål

Resultat før avskrivningar inkluderer produksjonsinntekter (inkludert tilskot), variable kostnader og faste kostnader. For å kunne samanlikne små og store grupper ser vi på resultat før avskrivning per årsku. Her ser ei positiv utvikling hos alle gruppene. Referansegruppa auka resultatet før avskrivningar per årsku med 2 prosent eller kr 463, medan prosjektbruka auka med 11 prosent eller kr 2 469 per årsku. Den høgaste auken er i Sogn og Fjordane med 15 prosent eller kr 3 706 per årsku. Her er det høgare produksjonsinntekter per årsku og stabile faste kostnader per årsku som bidrar til eit høgare resultat før avskrivningar.





Figur 3.17 Resultat før avskrivning per årsku i 2008 og 2009

Avskrivningar per årsku går fram av figur 3.18. Referansegruppa er den einaste gruppa som har ein nedgang i avskrivningar per årsku frå 2008 til 2009 med 3 prosent nedgang. Prosjektbruka har 4 prosent høgare avskrivningar i 2009 enn i 2008.





Figur 3.18 Avskrivningar per årsku i 2008 og 2009

Driftsoverskotet i jordbruket inkluderer alle dei elementa som resultat før avskrivning omfattar, men det inkluderer i tillegg avskrivningane. I figur 3.19 ser ein driftsoverskot i jordbruket per årsku for dei ulike gruppene. Alle gruppene opplever ein auke i driftsoverskot per årsku frå 2008 til 2009. Referansegruppa hadde ein auke på 4 prosent eller kr 615 per årsku frå 2008 til 2009, medan prosjektbruka hadde ein auke på 15 prosent eller kr 2 172 per årsku. Dette tyder på at prosjektbruka har ein meir lønsam produksjon i 2009 enn i 2008, og at dette er før renteutgiftene trekker resultatendringa ytterligare opp. Det er bruka i Sogn og Fjordane som har auka driftsoverskotet i jordbruket per årsku mest frå 2008 til 2009. Dei hadde også det høgaste driftsoverskotet per årsku i 2009. Bruka i Møre og Romsdal hadde det lågaste nivået i 2009.



Figur 3.19 Driftsoverskot i jordbruket per årsku i 2008 og 2009


Renteutgiftene per årsku ser ein i figur 3.20. I figuren ser ein både dei totale, faktiske renteutgiftene dividert på tal årskyr, men ein ser også kalkulererte renteutgifter per årsku med rentenivået frå 2008 gjeldande for både 2008 og 2009. Rentenivået i 2008 var mykje høgare enn i 2009, slik at den nedgangen frå 2008 til 2009 ein ser igjen i figur 3.20, skuldast i stor grad denne rentenedgangen. Referansegruppa opplevde ein nedgang på 16 prosent i renteutgifter per årsku frå 2008 til 2009, medan prosjektbruka hadde ein nedgang på heile 32 prosent frå 2008 til 2009 per årsku. Prosjektbruka hadde kr 4 413 i renteutgifter per årskyr i 2009, men viss rentenivået frå 2008 hadde vore gjeldande i 2009 hadde renteutgiftene per årsku vore på kr 5 656. Enkeltbruka hadde den største nedgangen i renteutgifter per årsku med ein nedgang på 40 prosent eller kr 2 313 per årsku.



Figur 3.20 Renteutgifter per årsku i 2008 og 2009

Lønsevne per time er driftsoverskotet frå jordbruket minus ei kalkulert rente av eidedelar i jordbruket dividert på tal arbeidstimar i jordbruket. Den kalkulerte renta er basert på pengemarknadsrenta (Nibor 3 mnd.), og nyttast for å rekne ut eit rentekrav på all innsett kapital i jordbruket, både eigenkapital og framandkapital.



Lønsevne per time har auka mykje hos alle gruppene. Dette skuldast lågare rentekrav, men høgare produksjonsinntekter og stabile faste kostnader drar også opp lønsevna per time. Den høgaste lønsevna per time finn ein hos bruka i Sogn og Fjordane med kr 157 per time. Den største auken i lønsevna per time frå 2008 til 2009 ser ein hos robotfjøsa med ein auke på 216 prosent eller kr 82 per time i auke frå 2008 til 2009. Referansegruppa auka lønsevne per time med 34 prosent frå 2008 til 2009, medan prosjektbruka auka lønsevne per time med 91 prosent.



Figur 3.21 Lønsevne per time i 2008 og 2009


Vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk, også kalla jordbruksinntekta, er eit anna resultatmål. Her tek ein også utgangspunkt i driftsoverskot i jordbruket, legg til kostnader til leigd arbeid. I staden for å trekke frå eit kalkulert rentekrav, trekkjer ein frå jordbruket sin del av faktiske rentekostnader og kår.

Jordbruksinntekta har auka hos alle gruppene frå 2008 til 2009. Den høgaste jordbruksinntekta finn ein hos bruka i Sogn og Fjordane med kr 328 000 per årsverk. Den lågaste finn ein hos referansegruppa med kr 199 000 per årsverk. Enkeltbruka og robotfjøsa har den sterkaste utviklinga frå 2008 til 2009 med hhv. ein auke på 70 prosent og 58 prosent. Prosjektbruka hadde ei jordbruksinntekt på kr 270 000 i 2009, og dette var ein auke på 32 prosent frå 2008. Referansegruppa derimot opplevde ei auke på berre 9 prosent frå 2008 til 2009. Prosjektbruka opplevde ein større auke i produksjonsinntekter og ein sterkare nedgang i renteutgifter frå 2008 til 2009 enn referansebruka.



Figur 3.22 Vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk i 2008 og 2009

Driftsoverskot i andre næringar per årsku inkluderer driftsoverskotet i det vi kallar anna næring, tilleggsnæring og skogbruk. Referansegruppa opplevde ein nedgang frå 2008 til 2009 på 25 prosent. Prosjektbruka hadde ein stor auke på 94 prosent eller kr 1 715. Det same gjeld bruka i Møre og Romsdal, enkeltbruka og bruk utan robot – dei hadde også ein stor auke i bidrag frå andre næringar i 2009.





Figur 3.23 Driftsoverskot i andre næringer per årsku i 2008 og 2009

3.1.7 Inntektsverknad av jordbruksfrådrag

Personar som driv næringsverksemd innafor jordbruk og tilgrensande næringer, har rett på eit særskilt jordbruksfrådrag. For 2009 var maksimalt jordbruksfrådrag kr 142 000 per driftseining. For å kunne nytte dette frådraget fullt ut, måtte dei ha ei næringsinntekt på minst kr 328 600. Budsjettnemnda for jordbruket (BFJ) kalkulerer inntektsverknaden av fullt jordbruksfrådrag ved 33 prosent marginalsatt til kr 59 300 per driftseining dersom ein har fullt jordbruksfrådrag. Beløpet kjem fram ved å finne maksimal skattelette (28 % av kr 142 000) som er kr 39 760. Maksimal inntektsverknad av jordbruksfrådraget vert kr 39 760 delt på 0,67 som er kr 59 343. Har eit bruk til dømes 2 årsverk, vert inntektsverknaden per årsverk kr 29 672. Ingen av resultatmåla som er presenterte i dette notatet, inkluderer inntektsverknad av jordbruksfrådraget. Det betyr at prosjektbruka i utvalet har i ulik grad inntektsverknad av jordbruksfrådraget i tillegg til dei presenterte resultatmåla. For referansegruppa er inntektsverknad per årsverk rekna til kr 25 500 i 2009.

Jordbruksfrådraget vert gjeve til kvart enkelt bruk. Ektefeller kan dele frådraget. For samdrifter kan det bli gitt like mange jordbruksfrådrag som det er deltakarar. For enkeltbruk vil det vere høve til berre eitt jordbruksfrådrag. På utbyggingsbruk vil det ofte vere vanskeleg å få nytte av frådraget fullt ut i perioden etter utbygging. Store kostnader gjer at det kan vere vanskelig å oppnå ei næringsinntekt som er høg nok til å gi fullt jordbruksfrådrag. I tillegg har store rentefrådrag en reduserande verknad på jordbruksfrådraget.

Blant gruppene i utvalet for dette prosjektet, kjem robotfjøsa best ut med ein inntektsverknad på kr 41 700 per årsverk rekna etter metoden skissert ovanfor. Årsaka til at dei kjem så høgt, er at det er fleire frådrag per driftseining og relativt få årsverk. Sogn og Fjordane kjem også godt ut med tanke på inntektsverknad med kr 41 300 per årsverk. Svakast ut kjem enkeltbruka med knapt kr 22 300 per årsverk. Grunnen er at det berre eitt frådrag per driftseining, og i tillegg mange arbeidstimar i drifta. Middelet for alle prosjektbruka ligg på kr 30 900 per årsverk.




Figur 3.24 Inntektsverknad av jordbruksfrådrag per årsverk i 2008 og 2009

3.1.8 Balanse


Balansen til eit føretak inneheld egedelar, gjeld og eigenkapital. I figurane nedanfor finn ein utviklinga til desse faktorane dividert på tal årskyr i 2008 og 2009.

I figur 3.25 ser ein verdien på driftsbygningane i jordbruket i 2008 og 2009 dividert på tal årskyr for dei ulike gruppene. Det har ikkje vore positiv nettoinvesteringar, dvs. nyanlegg minus avskrivningar, sal og tilskot, frå 2008 til 2009 for nokon av gruppene. Alle undergruppene har nyleg investert i driftsbygningar, og det er naturleg at dei har høgare verdier på driftsbygningar per årsku enn referansegruppa. Utviklinga frå 2008 til 2009 er 2 prosent nedgang for referansebruka og 7 prosent nedgang for prosjektbruka.





Figur 3.25 Driftsbygningar (eigedelar) per årsku i 2008 og 2009

Eigedelar i alt per årsku er alle eigedelar – både i jordbruket, andre næringar og privat – dividert på tal årskyr. Eigedelar i alt per årsku varierer mellom kr 200 000 og kr 300 000 for dei ulike gruppene. Den høgaste verdien på eigedelar i alt per årsku finn ein hos robotfjøsa med kr 283 000, medan referansebruka «berre» har kr 197 000 per årsku. Utviklinga frå 2008 til 2009 er rimelig stabil – bortsett frå enkeltbruka som hadde ein nedgang på 10 prosent. Figuren viser også eigedelar i jordbruket per årsku. Eigedelar i jordbruket per årsku varierer mellom kr 113 000 til kr 175 000 for dei ulike gruppene i 2009. Enkeltbruka har den høgaste verdien, medan referansegruppa har den lågaste. Verdiane på eigedelar i jordbruket per årsku er relativt stabil for gruppene frå 2008 til 2009, sjølv om enkeltbruka reduserte eigedelar i jordbruket per årsku med 12 prosent frå 2008 til 2009.



Figur 3.26 Eigedelar i alt per årsku og eigedelar i jordbruket per årsku i 2008 og 2009



Gjeld per årsku viser ein skilnad mellom referansebruka og prosjektbruka. Referansebruka har kr 84 000 i gjeld per årsku, medan prosjektbruka har kr 114 000 per årsku. Robotfjøsa har den høgaste gjelda per årsku med kr 151 000. Men medan referansebruka har ei stabil gjeld per årsku i 2008 og 2009, har reduserte prosjektbruka gjelda per årsku med 7 prosent frå 2008 til 2009.



Figur 3.27 Gjeld per årsku i 2008 og 2009


3.1.9 Arbeidsforbruk

Arbeidsinnsatsen i alt i jordbruket per årsku var noe lågare i 2009 enn i 2008. Den største nedgangen ser ein blant enkeltbruka med 38 færre timer per årsku i 2009 enn i 2008. Den lågaste arbeidsinnsatsen i jordbruket per årsku i 2009 ser ein hos robotfjøsa, medan den høgaste ser ein hos referansegruppa i 2009.



Figur 3.28 Arbeidsinnsats i alt i jordbruket per årsku i 2008 og 2009

Leigd hjelp i jordbruket, dvs. betalt hjelp utanom familien, per årsku varierte i større grad frå 2008 til 2009 enn kva vi såg i figurane ovanfor. Ein ser tydelig at enkeltbruka har eit større behov for leigd hjelp enn kva samdriftene har. Robotfjøsa, samdriftene og Sogn og Fjordane har lågt tal timar leigd hjelp per årsku. Blant robotfjøsa og bruka frå Sogn og Fjordane er det relativt mange samdrifter. Referansebruka har 22 timar med leigd hjelp per årsku i 2009, medan prosjektbruka har 15 timar per årsku. Prosjektbruka hadde 25 prosent nedgang i leigd hjelp per årsku frå 2008 til 2009, medan referansebruka hadde inga endring frå 2008 til 2009. Det er vanskelig å seie noko om årsaka til nedgangen hos prosjektbruka, men ei meir effektiv drift kan vere ein mogleg årsak.



Figur 3.29 Arbeidstimar, jordbruk (leigd hjelp) per årsku i 2008 og 2009

3.1.10 Likviditets- og soliditetsanalyse


Likviditet, evna til å betale, og soliditet, evna til å tåle tap, er to viktige element som bør vere med i ein kvar rekneskapsanalyse.

Likviditet kan målast på ulike måtar, men vi har valt å fokusere på likviditetsgrad 1 og 3. Likviditetsgrad 1 er omløpsmiddel dividert på kortsiktig gjeld, medan likviditetsgrad 3 er bankinnskott pluss kontantar dividert på kortsiktig gjeld. Likviditetsgrad 1 bør vere over 2, og likviditetsgrad 3 bør vere over 0,3.⁶

Alle gruppene har ein høgare likviditetsgrad 1 enn målet på 2 i både 2008 og 2009. Robotfjøsa har den høgaste likviditetsgrad 1 med heile 4,9 i 2009, medan referansebruka har 4,6 i 2009. Den lågaste likviditetsgrad 1 har bruka utan robot med 2,7 i 2009. Alle gruppene har ei høgare likviditetsgrad 1 i 2009 enn i 2008. Både utviklinga og nivået på likviditetsgrad 1 er altså solid for alle gruppene. Evna til å betale er god for alle gruppene.


⁶ Eklund og Knutsen (1988)

Likviditetsgrad 3 viser også ei solid utvikling og nivå for samlede grupper frå 2008 til 2009. Den høgaste likviditetsgraden 3 har robotfjøsa med 3,2. Bruka utan robot har den lågaste med 0,7.



Figur 3.30 Likviditetsgrad 1 og 3 i 2008 og 2009

Soliditet kan også målast ved hjelp av ulike metodar, men eit mykje brukt mål er eigenkapitalprosenten. Kor stor eigenkapitalprosenten bør vere, varierer mellom næringar, men i landbruket bør ein eigenkapitalprosent på 40 prosent kunne seiast å vere solid. Prosjektbruka har ein eigenkapitalprosent på 52 prosent i 2009, medan referansebruka har 57 prosent. Prosjektbruka auka eigenkapitalprosenten med 3 prosentpoeng frå 2008 til 2009, medan referansebruka hadde ein nedgang på eitt prosentpoeng. Referansebruka har den høgaste eigenkapitalprosten med 57 prosent i 2009, tett følgde av bruka utan robot med 56 prosent. Den lågaste eigenkapitalprosenten hadde robotfjøsa med 47 prosent i 2009. Evna til å tåle tap er altså god hos alle gruppene, og alle undergruppene har også ein positiv utvikling i eigenkapitalprosenten frå 2008 til 2009.




Figur 3.31 Eigenkapitalprosenten i 2008 og 2009

3.1.11 Variasjon

Prosjektbruka er delt inn i ei høggruppe og ei låggruppe der seks av produsentane inngår i kvar gruppe. Vi har valt å sjå på vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsku i 2008 og 2009 som resultatmål for inndelinga. For å vise kva faktorar som er viktige for resultatet, har vi framstilt høggruppa i figurane som 100 prosent. Resultatet for låggruppa er presentert i prosent av høggruppa. Når vi grupperte deltakarane etter resultat, førte det til at 4 bruk frå Sogn og Fjordane og 2 frå Møre og Romsdal kom i høggruppa. Det var motsett i låggruppa, 4 bruk frå Møre og Romsdal og 2 frå Sogn og Fjordane. Halvparten av bruka i låggruppa, var robotfjøs, medan det var eitt robotfjøs i høggruppa.


Figur 3.32 tar for seg ressursar, produksjon og arbeidsforbruk i høggruppa og låggruppa i 2008 og 2009. Høggruppa sine resultat er sette til 100 prosent, medan låggruppa sine resultat er målte i prosent av høggruppa for høvesvis 2008 og 2009. Jordbruksareal, eigedelar i jordbruket, omsett storfekjøtt og arbeidsinnsats i jordbruket er

alle dividert på tal årskyr. Låggruppa hadde større jordbruksareal per årsku i både 2008 og 2009 enn høggruppa. Avlingane i alt per dekar var også størst hos låggruppa i begge åra. Eigedelar i jordbruket per årsku var størst hos låggruppa i 2008 og 2009. Høggruppa hadde færre årskyr enn låggruppa i 2008, medan i 2009 er biletet snudd på hovudet. Ein vesentleg skilnad i 2008 var omsett storfekjøt per årsku. Låggruppa hadde berre 25 prosent av kjøtmengda til høggruppa. I 2009 har låggruppa nærma seg noko – i 2009 har dei 85 prosent. Ein annan viktig skilnad var arbeidsinnsatsen i jordbruket. Låggruppa brukte 104 prosent og 146 prosent i 2008 og 2009 av høggruppa sin arbeidsinnsats i jordbruket per årsku.




Figur 3.32 Ressursar, produksjon og arbeidsforbruk, høg-/låggruppe i 2008 og 2009

Det er store variasjonar mellom høggruppa og låggruppa med tanke på økonomisk resultat. Her er også produksjonsinntekter (inkl. tilskot), variable kostnader, faste kostnader og driftsoverskot i jordbruket delt på tal årskyr. Lønsevna og vederlaget er delt på arbeidstimar og årsverk. Låggruppa hadde 79 prosent og 101 prosent av høggruppa sine produksjonsinntekter i 2008 og 2009. Variable kostnader per årsku auka kraftig i 2009 for låggruppa samanlikna med høggruppa – frå 84 prosent i 2008 til 124 prosent i 2009. I 2009 hadde også dei faste kostnadene auka kraftig for låggruppa samanlikna med høggruppa, og dei hadde 52 prosent høgare faste kostnader enn høggruppa. Driftsoverskotet i jordbruket per årsku hos låggruppa var 55 av resultatet til høggruppa 2008, og i 2009 reduserte denne storleiken seg til 49 prosent. Lønsevna per time er svært mykje mindre hos låggruppa samanlikna med høggruppa i både 2008 og 2009 – berre 23 prosent i 2008 og 33 prosent i 2009. Det same gjeld også for vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk – 34 prosent i 2008 og 33 prosent i 2009.



Figur 3.33 Inntekter, kostnader og resultat, høg-/låggruppa i 2008 og 2009

Soliditeten og likviditeten til høggruppa og låggruppa er representert med egenkapitalprosenten og likviditetsgrad 1 i figur 3.34. Låggruppa hadde ein egenkapitalprosent på 40 prosent i 2008 og 47 prosent i 2009. Høggruppa hadde 57 prosent i 2008 og 64 prosent i 2009. Begge grupper har ein solid egenkapitalprosent og ein fin utvikling frå 2008 til 2009. Likviditetsgrad 1 er omløpsmiddel dividert på kortsiktig gjeld og bør vere over 2. Høggruppa hadde ein auke i likviditetsgraden frå 2008 til 2009 frå 2,98 til 3,54, medan låggruppa gjekk andre vegen frå 4,24 til 1,76. Låggruppa har dermed ein likviditet som ligg i underkant av tilrådd nivå i 2009 og nokon av bruka har svært låg likviditetsgrad 1.



Figur 3.34 EK % og likviditetsgrad 1, høg-/låggruppe i 2008 og 2009

4 Oppsummering og konklusjon

4.1 Skilnader mellom 2008 og 2009

2009 var eit annleis år enn 2008 på fleire måtar både for prosjektbruka og referansegruppa. I kjølvatnet av finanskrisa fall rentenivået sterkt mot slutten av 2008, og rentenivået i Noreg var mykje lågare i 2009 enn i 2008. Rentenivået har mykje å seie for dei fleste typar gardsbruk, men prosjektbruka i dette prosjektet er særleg sensitive for renteendringar med tanke på dei store utbyggingane som har vore gjennomførte dei siste åra. Det var også ein del andre endringar i produksjon og prisar på innsatsfaktorar som påverka prosjektbruka, bl.a. kraftfôrprisen. Dette er ikkje ein unormal situasjon og slike endringar skjer kvart einaste år. Det mest interessante i dette notatet er derimot den generelle effektiviteten og lønsemda til dei ulike gruppene i 2008 og 2009.

Ein kan sjå om den positive utviklinga skyldast rentenedgangen eller ei auke i lønsemda ved å la rentenivået for 2008 også gjelde for 2009-tala. I denne analysen er det viktig å vere klar over at i resultatmålet lønsevne per time nyttar ein eit kalkulert rentekrav av alle egedelar i jordbruket – både dei som er finansiert med gjeld og eigenkapital. Dette betyr at det ikkje er dei betalte rentene som ligger til grunn som eit rentekrav i resultatmålet lønsevne per time, men eit rentekrav basert på ein kalkulasjonsrente. Rentekravet som vart nytta i 2008 var på 6 prosent og på 3 prosent i 2009. Referansegruppa hadde ei lønsevne per time på kr 76 i 2008 og kr 102 i 2009, men med eit rentekrav på 6 prosent for begge åra ville den kalkulerte lønsevna per time ha vore på kr 76 i 2008 og kr 81 i 2009. Prosjektbruka hadde ei lønsevne per time på kr 68 i 2008 og kr 130 i 2009. Viss rentekravet hadde vore 6 prosent i både 2008 og 2009, ville prosjektbruka hatt ei kalkulert lønsevne per time på kr 68 i 2008 og kr 88 i 2009. Dette betyr altså at rentekravet er viktig for begge gruppene, men at det ikkje berre er rentenedgangen som har vore avgjerande for at prosjektbruka har hatt ein sterkare utvikling i lønsevne per time frå 2008 til 2009 enn referansegruppa. Viss rentekravet hadde vore 6 prosent i både 2008 og 2009, ville prosjektbruka auka si lønsevne per time med 29 prosent frå 2008 til 2009, medan referansegruppa ville auka si lønsevne per time med 7 prosent frå 2008 til 2009. På grunn av rentenedgangen frå 2008 til 2009 er lønsevne per time for prosjektbruka kr 42 høgare enn kva den ville ha vore utan rentenedgangen. Ein kan seie at $\frac{2}{3}$ av auken i lønsevne per time for prosjektbruka frå 2008 til 2009 skuldast rentenedgangen, medan $\frac{1}{3}$ skuldast andre faktorar som for eksempel meir effektiv produksjon.

Eit anna element er prisen på kraftfôr. Den gjennomsnittlege kraftfôrprisen for drøvtyggjarfôr var i 2008 kr 2,85 per kilo, medan i 2009 var den auka til kr 3,15 per kilo.⁷ Dette er ein auke på 10 prosent i kraftfôrprisen på eitt år. I 2009 har prosjektbruka auka omsetninga av slakt frå 2008. Det er mykje som kan tyde på at auken i slakteomsetninga er kraftfôrbasert sidan ikkje grovfôravlingane eller grovfôrarealet har auka mykje frå 2008 til 2009. Kraftfôrprisen blir derfor viktig for lønseve per time for prosjektbruka. I tabell 4.1 er lønsevna per time justert for kraftfôrpris, dvs. at ein har låst kraftfôrprisen på kr 2,85 per kilo, og ser korleis dette slår ut i lønsevne per time for 2008 og 2009. Den justerte lønsevna per time i 2009 vil dermed bli høgare med ein lågare kraftfôrpris enn kva som faktisk var tilfelle. Prosjektbruka ville fått ei kalkulert lønsevne på kr 141 per time i 2009 med ein kraftfôrpris på kr 2,85 per kilo, medan faktisk lønsevne per time var

⁷ BFJ (Budsjettnemnda for jordbruket)

på kr 130. Ein kraftfôrpris på kr 2,85 per kilo ville gitt 8 prosent høgare lønsevne per time for prosjektbruka i 2009.

Resultat frå samanlikningane basert på stabile rammevilkår viser at prosjektbruka er meir sensitive for større endringar i rammevilkår enn referansegruppa. Dei er særleg sårbare for stor auke i rentenivået. Dette er ikkje uventa då prosjektbruka har høgare renteutgifter per årsku enn referansegruppa. Prosjektbruka har vesentleg meir gjeld per årsku enn referansebruka i 2009 – heile kr 30 000.

Tabell 4.1 Lønsevne per time med standardiserte rammevilkår for prosjektbruk (PB) og referansegruppe (RG)

	PB 2008 kr	PB 2009 kr	%- endring	RG 2008 kr	RG 2009 kr	%- endring
Lønsevne per time med rentekrav på 6 %	68	130	91 %	76	102	34 %
Lønsevne per time med rentekrav på 6 %	68	88	29 %	76	81	7 %
Lønsevne per time med kraftfôrpris på 2,85 kr/kg	68	141	107 %	76	108	42 %

Prosjektbruka auka produksjonsinntektene sine meir frå 2008 til 2009 enn referansegruppa. Dette kjem både frå slakteinntekter og mjølkeinntekter. Prosjektbruka hadde også ein stor auke i kraftfôrkostnader på grunn av auka volum på både slakt og mjølk. Dei faste kostnadene derimot var stabile frå 2008 til 2009, medan renteutgiftene gjekk kraftig ned for begge grupper – naturlegvis mest hos prosjektbruka.

I tabell 4.2 ser ein fire viktige resultatmål for 2008 og 2009: resultat før avskrivning per årsku, driftsoverskot i jordbruket per årsku, lønsevne per time og vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk (jordbruksinntekta). Ein kan sjå kapittel 2.3 for nærmare forklaringar om ulike resultatmål. I 2008 gjekk var driftsoverskot per årsku og lønsevna per time høgast hos referansegruppa, medan resultat før avskrivning per årsku og vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk var høgast hos prosjektbruka. I 2009 ser ein at alle resultatmåla var høgast hos prosjektbruka. Blant anna ser ein at vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk var kr 70 000 høgare for prosjektbruka enn for referansegruppa i 2009. Lønsevna per time var kr 28 høgare for prosjektbruka enn for referansegruppa. Tendensen til at prosjektbruka har ein meir lønsam og effektiv drift er tydeleg.

Tabell 4.2 Resultatmål for prosjektbruk (PB) og referansegruppe (RG)

	PB 2008 kr	PB 2009 kr	%- endring	RG 2008 kr	RG 2009 kr	%- endring
Resultat før avskrivning per årsku	21 900	24 400	11 %	21 200	21 700	2 %
Driftsoverskot i jordbruket per årsku	15 000	17 100	14 %	15 600	16 200	4 %
Lønsevne per time	68	130	91 %	76	102	34 %
Vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk	204 700	269 800	32 %	181 800	199 500	10 %

4.2 Konklusjon

Det er mange element som påverkar økonomien til ein mjølkeprodusent som produsenten ikkje kan påverke. Rammevilkår som rentenivå, kraftfôrpris, tilskotsordningar og generelt prisnivå, er bestemte av marknadar og offentlege institusjonar. Desse må sjåast som ytre faktorar. Mange av desse rammevilkåra påverkar resultatmåla til produsenten direkte. Eit utbyggingsbruk er spesielt sensitivt for endringar i rentenivå. Dette er heilt naturleg sidan utbyggingsbruk har mykje gjeld per årsku samanlikna med andre bruk. Prosjektbruka i dette notatet viser dette. 2008 var eit år med høgt rentenivå, og prosjektbruka oppnådde ei lønsevne per time på berre kr 68.

På den andre sida er det mange element som påverkar dei økonomiske resultatata til ein mjølkeprodusent som han *kan* gjere noko med. Organisering, utbyggingar, produksjonsmetodar, val av fôr og val av utstyr er alle element som produsenten kan påverke sjølv. Alle desse elementa kan påverke lønsemda hos produsenten. I tillegg kjem andre element som kunnskap og erfaring hos produsenten som kan vere avgjerande. Det er vanskeleg å seie om auka lønsemd skuldast ytre eller indre faktorar, men ein kan prøve å justere resultatata for dei viktigaste ytre faktorane som rentenivå og kraftfôrpris. Det er først då ein kan vurdere produksjonsresultatet år for år.

Tala i dette notatet viser at prosjektbruka har hatt ei positiv utvikling i lønsevne per time frå 2008 til 2009. Lønsevne per time var kr 68 i 2008 og kr 130 i 2009. Viss ein justerer for rentenivå, og nyttar rentekravet frå 2008 også for 2009, viser prosjektbruka ein auke i lønsevne per time på 29 prosent frå 2008 til 2009. Og dette til trass for at kraftfôrprisen gjekk opp med 10 prosent frå 2008 til 2009.

Resultata frå dette prosjektet viser at det er mogleg å bygge ut mjølkeproduksjon i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal og oppnå relativt gode resultat, men at resultatata og lønsemda er sensitive for endringar i rammevilkår som rentenivå og kraftfôrpris. Utvalet er relativt lite – 18 produsentar var med begge åra – og dette gjer at resultatata ikkje kan vurderast som generelle for alle utbyggingsbruk.

4.3 Punktvis oppsummering

4.3.1 2008

Fokuset i dette notatet har vore å sjå på utviklinga frå 2008 til 2009. Før vi ser på denne utviklinga og 2009-tala isolert sett, la oss sjå dei viktigaste konklusjonane frå 2008.

- *Driftsoverskot, jordbruk per årsku*: Referansegruppa > Prosjektbruka

- *Vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk*: Referansegruppa < Prosjektbruka
- *Lønsevne per time*: Referansegruppa > Prosjektbruka
- *Renteutgifter per årsku*: Robotfjøs har over kr 8 000 per årsku. Bruk utan robot har under kr 5 000
- *Eigenkapitalprosent* er over 40 prosent for alle bruk. Dette viser at soliditeten er god i alle gruppene
- *Likviditetsgrad 1*: Alle grupper har over 2 (200 %). Bruk utan robot har lågast.

4.3.2 Utviklinga frå 2008 til 2009

- Høgare *yting* i 2009 enn i 2008 for både referansegruppa og prosjektbruka.
- Prosjektbruka auka *omsatt storfekjøtt per årsku* med 11 prosent frå 2008 til 2009.
- Referansegruppa fekk mest i *totale tilskot per årsku* med kr 19 200 i 2009.
- Prosjektbruka auka *produksjonsinntektene inkl. tilskot per årsku* med 7 prosent frå 2008 til 2009.
- Referansegruppa auka *produksjonsinntektene inkl. tilskot per årsku* med 3 prosent frå 2008 til 2009.
- Prosjektbruka auka *kraftfôrkostnadene per årsku* med 17 prosent eller kr 2 000 frå 2008 til 2009.
- Dei *variable kostnadene per årsku* auka med 10 prosent eller kr 2 100 for prosjektbruka frå 2008 til 2009.
- Dei *variable kostnadene per årsku* auka med 8 prosent eller kr 1 500 for referansegruppa frå 2008 til 2009.
- Prosjektbruka brukte 20 prosent meir i 2009 enn i 2008 på *leasing og leige av maskiner per årsku*. Dette utgjorde kr 700 meir i 2009 enn i 2008.
- Prosjektbruka i Sogn og Fjordane brukte 60 prosent meir på *leasing og leige av maskiner* i 2009 enn i 2008. Dette utgjorde kr 1 400 per årsku.
- *Faste kostnader per årsku* gjekk ned med 2 prosent frå 2008 til 2009 for både prosjektbruka og referansegruppa.
- *Driftsoverskotet i jordbruket per årsku* auka med 15 prosent eller kr 2 200 frå 2008 til 2009 for prosjektbruka.
- Prosjektbruka auka *driftsoverskotet i andre næringar* med 101 prosent eller kr 82 000 frå 2008 til 2009. Dette er tal per bruk – ikkje per årsku.
- Prosjektbruka reduserte *renteutgifter per årsku* med 32 prosent frå 2008 til 2009.
- *Lønsevna per time* auka med 91 prosent for prosjektbruka frå 2008 til 2009.
- *Lønsevna per time* auka med 34 prosent for referansegruppa frå 2008 til 2009.
- Den høgaste *lønsevna per time* finn ein hos bruka i Sogn og Fjordane med 157 kr/t.
- *Vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk* auka med 32 prosent hos prosjektbruka frå 2008 til 2009.
- *Vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk* auka med 10 prosent hos referansegruppa frå 2008 til 2009.
- Det høgaste *vederlaget per årsverk* finn ein hos bruka i Sogn og Fjordane med kr 328 000.
- *Arbeidsforbruket i jordbruket per årsku* var 91 timar for prosjektbruka i 2009.
- Positiv utvikling og nivå på *likviditetsgrad 1 og 3* for alle gruppene i 2009.
- Solid nivå på *eigenkapitalprosenten* for alle gruppene i 2009.

Referansar

- Eklund, T. og Knutsen, K., 1988. *Regnskapsanalyse – Aktiv bruk av regnskapet*, Universitetsforlaget.
- Haukås, T. og Solberg, L.R., 2010. *Vurdering av økonomi på utbyggingsbruk i mjølkeproduksjonen i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane 2008*. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning.
- Krokann, K., 2010. *Økonomien på store mjølkebruk*. NILF-notat 2010-18. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning.
- Nergaard, M., 1988. *Utbyggingsbruk med økonomiske problem*, NILF forskningsmelding A-006-88. Norsk institutt for landbruksøkonomiske forskning.
- NILF, 2009. *Driftsgranskingar i jord- og skogbruk. Rekneskapsresultat 2008* Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- NILF, 2010. *Driftsgranskingar i jord- og skogbruk. Rekneskapsresultat 2009* Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Robbestad, S. 1994. *Økonomisk utvikling på utbyggingsbruk*, NILF-rapport C-031-94. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Solberg, L.R., 2010. *En analyse av investeringer i landbruket*, NILF-notat 2010-19. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning.

Tidligere utgitt i denne serien – 2010

- 2010–1 Begrensede konsekvenser av fjørfedirektivet – Utredning av konsekvenser av EUs fjørfedirektiv. Lars Øystein Eriksen, Ivar Pettersen, 31 s.
- 2010–4 Økonomien i landbruket i Trøndelag. Utviklingstrekk 1999–2008. Tabellsamling 2004–2008. Kjell Staven, Helge Bonesmo, Liv Grethe Frislid, Svein Olav Holien, Kristin Stokke Folstad, Siv Karin Paulsen Rye, 100 s.
- 2010–5 Økonomien i jordbruket i Nord-Norge. Driftsgranskingene i jord- og skogbruk 2008. Aktuelle artikler og tabellsamling 2004–2008. Øyvind Hansen, Ole Kristian Stornes, 93 s.
- 2010–6 Melding om årsveksten 2009. Normalårsavlinger og registrerte avlinger. Ola Wågbo, Oddmund Hjukse, 16 s.
- 2010–7 Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Trendar og økonomisk utvikling 1999–2008. Verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar i Hordaland og Sogn og Fjordane. Torbjørn Haukås, Anastasia Olsen, Heidi Knutsen, 86 s.
- 2010–8 Økonomien i landbruket på Østlandet. Utviklingstrekk 2004–2008. Tabellsamling 2004–2008. Terje Haug, 95 s.
- 2010–9 Gårdsvarmeanlegg basert på bioenergi – økonomi og erfaringer. Undersøkelse blant fem gårdsvarmeanlegg. Liv Grethe Frislid, Knut Krokann, 30 s.
- 2010-10 Vurdering av økonomi på utbyggingsbruk i mjølkeproduksjonen i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane 2008
Torbjørn Haukås, Lars Ragnar Solberg, 66 s.
- 2010-11 Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland 2008. Trendar og økonomisk utvikling 1999-2008. Tabellsamling 2004-2008. Heidi Knutsen, Irene Grønningsæter, Anastasia Olsen, 87 s.
- 2010-12 Importvern for norsk jordbruk. Status og utviklingstrekk. Klaus Mittenzwei, Mads Svennerud, 29 s.
- 2010-13 Næringsfiske i ferskvann. Lønnsomhet og suksessfaktorer ved fiske, foredling og markedsføring av ferskvannsfisk. Siv Karin Paulsen Rye, Knut Krokann, 50 s.
- 2010-14 Produktivitetsutvikling i norsk jordbruk 1990–2009. Analyse basert på jordbrukets totalrekneskap. Agnar Hegrenes, 33 s.
- 2010–15 WTO og subsidier. Regelverk og tvisteløsning på landbruksområdet. Frode Veggeland, 41 s.
- 2010–16 Dekningsbidragskalkyler. Nord-Norge 2010/2011. Ole Kristian Stornes, 45 s.
- 2010–17 Kartlegging av markedssituasjonen for reinkjøtt. Gro Steine, Kjersti Nordskog, Johanne Kjuus, 27 s.
- 2010–18 Økonomien på store mjølkebruk. En undersøkelse av økonomien på bruk med 30–70 årskyr for regnskapsåra 2006-2008. Knut Krokann, 54 s.
- 2010–19 En analyse av investeringer i landbruket. Er man lykkelig som stor når man kunne vært liten? Lars Ragnar Solberg, 39 s.

Tidligere utgitt i denne serien – 2011

- 2011–1 Økonomien i jordbruket i Nord-Norge. Driftsgranskingene i jord- og skogbruk 2009 – Aktuelle artikler og tabellsamling 2005–2009. Øyvind Hansen, Ole Kristian Stornes, 81 s.
- 2011–2 Beregning av det norske kjøttforbruket. Mads Svennerud, Gro Steine, 18 s.
- 2011–3 Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Trendar og økonomisk utvikling 2000–2009. Torbjørn Haukås, Anastasia Olsen, 86 s.
- 2011–4 Økonomien i landbruket i Trøndelag. Utviklingstrekk 2000–2009. Tabellsamling 2005–2009. Kjell Staven, Otto Sjelmo, Knut Krokann, Helge Bonesmo, Svein Olav Holien, Siv Karin Paulsen Rye, Liv Grethe Berge Frislid, Inger Sofie Murvold Knutsen, 16 s.
- 2011–5 Melding om årsveksten 2010. Normalårsavlinger og registrerte avlinger. Ola Wågbo, Oddmund Hjukse, 16 s.
- 2011–6 Gårdsbasert entreprenørskap : en kvalitativ studie av muligheter, motiver og ressurser for entreprenørskap i landbruket. Asbjørn Veidal, 55 s.
- 2011–7 Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland 2009. Trendar og økonomisk utvikling 2000–2009. Tabellsamling 2005–2009. Lars Ragnar Solberg, Heidi Knutsen, Anastasia Olsen, 87 s.
- 2011–8 Regulering for organisering – markedsregulering i kjøttsektoren. Gro Steine, Arne Vasaasen, Anders Nordlund, Ivar Pettersen, 66 s.
- 2011–9 Økonomien i jordbruket på Østlandet. Utviklingstrekk 2005–2009. Tabellsamling 2005–2009. Terje Haug, 97 s.
- 2011–10 Konsekvenser i Rogaland av mulige endringer av gjødselvereforskrift. Heidi Knutsen, Aart van Zanten Magnussen, 57 s.
- 2011–11 Klimatiltak i landbruket – En gjennomgang av tiltak i Klimakur 2020. Ellen Henrikke Aalerud, Valborg Kvakkestad, 41 s.

ADRESSE HOVEDKONTOR

Postadresse:	Kontoradresse:	Telefon: 22 36 72 00
Postboks 8024 Dep	Storgata 2 4 6	Telefaks: 22 36 72 99
0030 OSLO		E-post: postmottak@nilf.no
		Internett: www.nilf.no

ADRESSE DISTRIKTSKONTORER

Bergen	Postadresse:	Postboks 7317, 5020 BERGEN
	Telefon:	55 57 24 97
	Telefaks:	55 57 24 96
	E-post:	postmottak@nilf-ho.no
Trondheim	Postadresse:	Postboks 4718 – Sluppen, 7468 TRONDHEIM
	Telefon:	73 19 94 10
	Telefaks:	73 19 94 11
	E-post:	postmottak@nilf.fmst.no
Bodø	Postadresse:	Statens hus, Moloveien 10, 8002 BODØ
	Telefon:	75 53 15 40
	Telefaks:	75 53 15 49
	E-post:	postmottak@nilf-nn.no

ISBN 978-82-7077-801-0
ISSN 0805-9691

